



Pårørnde/brukarrepresentantar bebuarar Meland sjukeheim

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2514 - 14/8239

Saksbehandlar:

Helge Kvam

helge.kvam@meland.kommune.no

Dato:

27.05.2014

Informasjonsbrev til påørnde/brukarrepresentantar til bebuarar ved Meland sjukeheim - invitasjon til å ta del i brukarundersøking 2014

Meland kommune inviterer påørnde og brukarrepresentantar til å ta del i brukarundersøking innan omsorgstenesta. Kommunen ønskjer at kvar einskild bebuar ved Meland sjukeheim skal få eit trygt og godt tilbod. Det er difor viktig for oss å få tilbakemelding på korleis du som påørnde/brukarrepresentant opplever kvaliteten på tenestetilbodet.

Ved å svare på spørsmåla vil du kunne gje oss oversyn på kva område som fungerer, og kva område vi har forbetringspotensiale. Vi nyttar standardisert brukarundersøking via www.bedrekommune.no og deltaking er anonym og frivillig. Vi håpar at du tek deg tid til å svare på spørreskjema.

Du kan svare på 2 ulike måtar:

1. Vedlagt ligg spørreskjema påført individuellt eingongspassord. Logg deg på www.bedrekommune.no, klikk på «svare på undersøking» og skriv inn passord. Når du er ferdig og skjema er sendt elektronisk har du svart på undersøkinga.
2. Du kan fylle ut skjema manuelt. Legg skjema i konvolutt og returner til Meland kommune v/Helge Kvam, pb 79, 5906 Frekhaug eller lever konvolutt i resepsjon på rådhuset. Ikkje før på namn (anonym) – vi nyttar eingongspassordet på skjema når vi skriv inn svara.

Fristen for å svare på skjema er i perioden 2.-20. juni.

Alle bebuarane ved Meland sjukeheim vil no få tilbod om å ta del i undersøkinga. Fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne vil gjennomføre intervju/samtale med den einskilde bebuar. For nokre kan det vere vanskeleg å gjennomføre samtale, og då vil påørnde/brukarrepresentant verte kontakta for bistand til å svare på vegne av bebuar.

Om du har spørsmål til undersøkinga kan du kontakte Helge Kvam på tlf 56171000/1070.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Med helsing

Helge Kvam
rådgjevar pleie og omsorg og sosial

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Britt Hilde Romarheim
Randi Rotevatn Minde

Mottakere:

Pårørande/brukarrepresentantar
bebuarar Meland sjukeheim